



Jazzverket klar for øving i Rosendal torsdag kveld.

Rosendal og omland jazzverk hadde i kveld øving med gjennomgang av programmet i samband med opninga av Spar-butikken i morgon. Spar er kjent for beste kvalitet både på service og varer. Musikken som er engasjert passsar og godt inn under denne kvalitetsfana. Frå kl.17 vil dei dyktige musikarane spele ei konsertavdeling.

På konserten stiller Jazzverket med følgjande mannskap: Stein Haugen(bass), Bjarne Øymyr(piano), Ananda-

Gopi Storegjerde(vokal), og dei 3 uskedelingane Aleksander Rebaudo(vokal), Vegard Døssland(trompet) og Sindre Aksnes(slagverk).

Jazzverket har hausta mange lovord for musikken dei framfører. Sist helg hadde dei ei flott framføring under opninga i Steinparken. Tilbakemeldingane har vore mange, og svært begeistra. Spar-kundane får garantert oppleve jazzperler presentert på høgt nivå kl. 17 på opningsdagen.

Ei gruppe frå Musikklaget syt for musikken i forbindelse med opninga kl. 12. Dei vil presentere lett underhaldningsmusikk. Også denne burde falla i smak hos publikum.

Av: Thor Inge Døssland